# Skal vedta kommunestruktur i løpet av perioden

**Dei to nestleiarane i FrP og Høgre - Per Sandberg og Bent Høie - stadfestar overfor bladet Kommunal Rapport at ein ny kommunestruktur i i Norge vil bli vedteken i løpet av den komande fireårsperioden.**

*Leiv Arne Grimstad*

Gjennomføringa av vedtaket vil skje inn i neste valperiode. Det er med andre ord ikkje sannsynleg at vi vil få nye kommunegrenser på Søre Sunnmøre før i perioden 1918-22.

Høie seier at ein meir "robust kommunestruktur" vil innebere at betydelege oppgåver og vedtak blir overførde frå stat og fylke til kommunane.

- Det er eit viktig prinsipp, men kommunane må ikkje forvente at heile oppgåvefordelinga kjem på plass med ein gong, seier Høie.

Regjeringa skal no gjennomgå oppgåvene til fylkeskommunane, fylkesmennene og staten - og i første omgang innføre ei prøveordning med overføring av oppgåver til kommunane. Dette vil kunne skje ved hjelp av "gulrøter" til kommunar som sjølve vel å slå seg saman med ein eller fleire nabokommunar.

# Kritiske til søndagsopne butikkar

**Butikksjefane Sissel Kopperstad, Norval Berge og Grete Elvanes stiller seg kritiske til å ha søndagsopne butikkar.**

*Victoria Røren*

Høgre og Framstegspartiet vil i følgje regjeringserklæringa tillate alle butikkar å halde søndagsope – også dei som er over 100 kvadratmeter. I følgje undersøkinga "Norsk Ledelsesbarometer" frå organisasjonen "Lederne" meiner nærare 70 prosent av medlemmane i handelsbransjen at det er negativt at loven om søndagsopne butikkar blir liberalisert, og sju av ti butikkleiarar seier nei, viser ei fersk undersøking.



Butikksjef Sissel Kopperstad ved Coop Mega Ulsteinvik trur ikkje omsetninga blir større med søndagsopen butikk.

## Fritid og omsetjing

- Å ha søndagsope er sjølvsagt noko som eg har sett vil kome, men personleg er eg ikkje heilt glad for det. Eg meiner at arbeidarane treng den eine fridagen dei har. Vi er så heldige å halde til inne på eit senter, og dermed har vi ikkje ope lenger enn til klokka ni. Difor trur eg ikkje at det er god stemning for å jobbe på søndag. Men må ein, så må ein, alle butikkar vil vel vere konkurransedyktige.

- Men eg har dårlig tru på at det blir noko betre omsetjing om vi skulle kome til å ha søndagsope, dette fordi det krev mykje meir arbeidskraft, seier Sissel Kopperstad, butikksjef for Coop Mega Ulsteinvik.

## - Unødvendig

- I dette vesle landet er det heilt unødvendig å ha søndagsope, seier Norvald Berge, butikksjef for Bunnpris Ulsteinvik. - Det er altfor mange butikkar og alt for få kundar. Eg stiller meg kritisk til å ha søndagsope, men sjølvsagt er det nokon som tener godt på det, nemleg skuleelevar. Eg er heilt sikker på at skuleelevar godt kan tenkje seg å arbeide på søndagar. Ein tener svært godt sidan det blir overtidsbetaling. Så eg er difor ikkje spesielt redd for mi eiga fritid om det blir søndagsopen butikk.



Drivar Norvald Berge ved Bunnpris Ulsteinvik trur søndagsope vil gi ein dominoeffekt.



Butikkksjef Grete Elvanes ved Coop Extra Hareid trur søndagsopne butikkar på sikt vil føre til at varene blir dyrare.

Med tanke på omsetjinga til butikken hadde den totalt sett gått rundt, men overskotet hadde sjølvsagt vorte lågare sidan det krev meir arbeidskraft, seier Berge.

- Eg meiner også at søndagsopne butikkar har ein slags dominoeffekt. Er det ein butikk i eit område som bestemmer seg for å ha ope på søndag, er det vanskeleg for dei andre butikkane i nærleiken å vere konkurransedyktige om dei ikkje har søndagsope dei også, legg Berge til.

## - Tøft nok i dag

- Eg synest rett og slett ikkje noko om å ha søndagsope. Om ein planlegg litt, har ein god tid til å handle dei andre seks dagane butikkane held ope. I forhold til dei som arbeidar her, meiner eg at det er tøft nok slik det er, med tanke på dei lange arbeidsdagane vi har frå før. Ein har berre godt av ein dag fri, både arbeidarar og kundar.

I forhold til omsetjinga til butikken ved ein eventuell søndagsopen butikk hadde den nok gått rundt, men det blir mykje høgare lønskostnader sidan ein skal ha 100 % overtid på søndagar. Og på sikt kan eg då tenkje meg at varene blir dyrare, og det blir dermed dyrare å drive butikk, seier Grete Elvanes butikksjef i Coop Extra Hareid.

Tida får vise om det blir aktuelt for dei tre butikksjefane å halde søndagsope.



# Hadartun: - Bilar siglar sidevegs når det er glatt



I sakspapira til Hareid formannskap er dette fotoet av ein bil som har sige inn i ein annan bil vedlagt som døme på kor problematiske parkeringstilhøva er i den bratte bakken vest av Hadartun.

*Leiv Arne Grimstad*

I dag foregår mykje av parkeringa til Hadartun i ein bratt bakke på vestsida av hovudinngangen. Dette har ført til mange skadar på bilar som kjem i sig på glatt føre. I sakspapira til Hareid formannskap sitt møte komande måndag les vi:

"Ein er kjend med at parkering langs eksisterande mur er ein risikosport. Ved glatt underlag siglar parkerte bilar sidevegs. På grunn av manglande snuplass for store bilar må desse rygge opp bakken for å utføre bl. a. vareleveranse. På grunn av parkeringsareala si utforming og dertil parkering, er dette ofte ei utfordring. Parkering i bratt bakke er ikkkje ufarleg, og som ein kuriositet kan det nemnast at mens underteikna (Grytten/Bjørke) og representantar frå Total-Bygg Hjørungavåg AS var på synfaring på staden, kom ein førarlaus bil nedetter bakken og small inn i eit par bilar som stod parkert nedanfor."

## 15 husvære

Det er altså Total-Bygg i Hjørungavåg som står bak prosjektet. Dei vil bygge 15 husvære - med ei viss tilpassing mot +60-gruppa.

I møta med kommunen om korleis utbygginga kan tilpassast kommunen sine behov, har utfordringane når det gjeld parkering hatt ein stor plass. Ved realisering av Brekkebakke vil behovet for parkering i området auke. Utbyggaren ønskjer på si side å kjøpe areal av kommunen for å kunne ordne eiga parkering innafor eige område - medan kommunen har eit prekært behov for å få til ei betre parkering for "sine bilar".

I tilrådinga til vedtak seier rådmannen seg positiv til Total-Bygg sine utviklingsplanar for området og er innstilt på å vere ein god samarbeidsaktør. For å kunne løyse dei utfordrande parkeringstilhøva er rådmannen innstilt på at Hareid kommune går inn med ein kommunal eigendel på 270.000,- kroner, som skal nyttast til å auke parkeringskapasiteten og betre dei trafikkmessige tilhøva i området.

Rådmannen foreslår også at han får fullmakt til å inngå avtalar. Pengane er tenkt løyvt frå investeringsfondet, underpunkt: "Tomtesal".

Av sakspapira går det fram at utbyggar har gjort avtale med Ingmar Bigste om kjøp av eigedomen hans. Før utbygginga kan ta til må utbyggar rive nokre hus.

# – Kapasiteten skal vere den same

**Seniorrådgjevar Knut Arve Orten Lie i opplyser at kapasiteten på ferja mellom Hareid og Sulesund skal vere den same i den neste kontraktperioden.**

*Ingvild Aursøy Måseide*
ingvild@vikebladet.no

Det har kome Vikebladet Vestposten for øyret at Norled planlegg å ta ferjene som går mellom Hareid og Sulesund til strekninga mellom Lavik og Oppedal. i staden skal me få nokre eldre ferjer med mindre kapasitet. Me tok nokre telefonar for å høyre om det er hald i ryktet.

– *Stemmer dette?*

– For det første kan eg avklare det ryktet, svarer Ivan Fossan som er administrerande direktør i Norled. Han ber så avisa ringje oppdragsgjevaren deira. Norled forheld seg til kriteria som fylkeskommunen gjev.

## Kjenner ryktet

Oddbjørn Vatne, leiar i Samferdsleutvalet i Møre og Romsdal, seier at han kjenner til det ryktet, men ber oss ringje Knut Arve Orten Lie, seniorrådgjevar i Statens vegvesen. Det er dei som styrer med dette.

## Ikkje klart kven som får anbodet

Seniorrådgjevar Knut Arve Orten Lie kan opplyse om at det er ein konkurranse no om kven som skal få anbodet på å drifte ferjesambandet frå 1. januar 2015 og ut 2021.

Dei har fått inn tilbod frå to ferjeselskap for å vinne kontrakten "Ny Ytre Sunnmøre" som består av tre samband på Sunnmøre. Det er Larsnes-Åram-Voksa-Kvamsøya, Årvik-Koparnes og Hareid-Sulesund.

No vil Statens vegvesen vurdere dei to tilboda dei har fått opp i mot kvarandre, før dei lagar ei innstilling til samferdslesjefen.

Lie reknar med at det blir klart i løpet av oktober kven som får kontrakten.

Dei har stilt ein del kriterium for å drifte ferjesambanda. Ferjene skal vere universelt utforma, stette nokre miljøkrav og oppretthalde same kapasiteten på ferjene som der er i dag. På sambandet mellom Årvik og Koparnes skal kapasiteten opp.

## Norled billegast

Norled AS sitt tilbod er på 913 126 000,- eks. mva. Fjord1 AS leverte eit tilbod på 1 037 725 000 kroner.

– Me går gjennom kvalifikasjonskrava og dokumentasjonen i tilboda før me kontrollreknar og gjer ein realitetsvurdering. Lågaste pris er einaste tildelingskriterium, men innafor ferjedrift er tilfredsstillande ferjemateriell eit av fleire minimumskrav som skal oppfyllast før ein kontrakt tildelast, seier samferdslesjef Arild Fuglseth.



Om eit par veker blir det klart om det er Fjord 1 eller Norled som skal drifte ferjesambandet Hareid-Sulesund.

# Set i gang salsprosessen for godsterminalen

**Til formannskapsmøtet i Hareid komande måndag foreslår rådmannen å legge godsterminalbygget på ytre Hareid med tilhøyrande tomt ut for sal.**

*Leiv Arne Grimstad*

Bygget m/tomt er taksert til kr. 5.280.000,-.

Rådmanenn meiern at sjølve djupvasskaia/kai-fronten ikkje skal vere med i salet, men hadle fram som ein del av den kommunale infrastrukturen.

Det er Hareid kommune som eig anlegget, som det har vore vanskeleg å få ei berekraftig drift på. Politikarane har derfor vedteke å setje i gang ein salsprosess.

## DIMO vil kjøpe

Samtidig er det slik at Hareid kommune har løpande leigeavtale med DIMO AS. Dei betaler kr. 400.00,- i året og har sagt seg interesserte i å kjøpe bygget. Dei ønskjer seg også hand om eit areal nord og aust om bygget med tanke på å bygge seg nye kontorfasilitetar.

Rådmannen foreslår at DIMO blir sikra vidare føreseielege leigevilkår ved at nogjeldande leigeavtale blir overført til eventuell ny eigar - og at denne leiegavtalen blir sikra i 20 år framover.

Rådmannen meienr at DIMO sitt kjøpstilbod ikkje skal handsamast i denne saka.

Men det ligg i saka sin natur at DIMO er ein svært aktuell kjøpskandidat.



Vi gler oss!

Sparebanken Møre er stolte over å kunne bidra til at lokalbefolkninga får oppleve Cir. Cuz og A-Lee under Hareidsstemna.

Meld di interesse på facebooksida vår og bli med i trekninga om billettar til konserten 18. oktober.

Engasjert helsing
Sparebanken Møre

Sparebanken Møre